



Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/8292 - 21/83095

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
08.12.2021

Løyve til arealoverføring - gbnr 108/524 Lindås

Administrativt vedtak: Saknr: 1319/21

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m, 20-2 og 20-4, bokstav d vert det gjeve løyve til arealoverføring av omlag 130m² frå gbnr 108/524 til gbnr 108/418 som omsøkt. Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

- Tiltaket skal plasserast som synt i situasjonsplan motteken 27.09.2021, jf. pbl. § 29-4.
- Nøyaktig storleik på areal vert klarlagt i samband med gjennomføring av oppmålingsforretning etter matrikkellova.

Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med lov om eigedsregistrering jf. pbl § 21-9

Saksutgreiing

Tiltak

Saka gjeld søknad om arealoverføring av omlag 130m² frå gbnr 108/524 til gbnr 108/418. Parsellen skal inngå i fylkesveg 5470- Veråsvegen. Gbnr 108/524 er registrert med eit areal på 482.9m² i matrikkelen. Gbnr 108/418 med omlag 62 daa.

Søkjjar er Alver kommune som er heimelshavar til eigedomen. Arealet skal inngå i gbnr 108/418 som er eigd av Vestland fylkeskommune.

Det vert elles vist til søknad motteken 27.09.2021.

Planstatus

Parsellen ligg i regulert område innafor det som i reguleringsplanen for Ny kommunal Lindås barnehage, planid: 1263-201803, er definert som køyreveg og anna veggrunn- grøntareal.

Omsøkte frådeling er i samsvar med formålet og elles vurdert å vera i samsvar med gjeldande plan.

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med regelverket.
Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er synt i situasjonsplan motteken 27.09.2021.



Utsnitt av situasjonsplanen

Veg, vatn og avlaup

Arealoverføringa utløyser ikkje endring i tilhøva knytt til vatn og avlaup. Vegtilkomst til gbnr 108/82 er lagt om i samband med omlegging av fylkesvegen.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Kommunen legg til grunn at fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar er vurdert i reguleringsplanprosessen. I tillegg har ein sjekka arealet mot NVE sine aktsomhetskart. Det er ikkje avdekkta tilhøve som er til hinder for arealoverføringa.

VURDERING:

Naturmangfaldlova

Kommunen har sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettlegging frå Fylkesmannen.

Kommunen finn ikkje at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

Vurdering av søknaden

Oppretting eller endring grunneigedom er eit søknadspliktig tiltak. Oppretting/endring av eigedom ikkje må skje på ein slik måte at det oppstår forhold i strid med lova, forskrift, vedtekt eller plan, eller slik at det vert oppretta tomtar som ikkje er eigna til bebyggelse på grunn av storleik, form eller plassering.

I reguleringsplan for Ny kommunal Lindås barnehage er delar av gbnr 108/524 regulert til vegformål. Fylkesvegen er endra i samsvar med reguleringsplanen. Omsøkt arealoverføring er ledd i oppdatering av eigartilhøva i tråd med godkjent reguleringsplan.

Attverande del av gbnr 108/524 vert på omlag 353m² og er regulert til parkeringsplass i reguleringsplan for Ny kommunal Lindås barnehage, planid: 1263-201803.

Tilkomstvegen til gbnr 108/82 gjekk over arealet som no vert søkt overført til gbnr 108/418. Denne er flytta lengre inn på gbnr108/82 og 108/524 i samband med omlegging av fylkesvegen.

Administrasjonen vurderer at omsøkte arealoverføring frå gbnr 108/524 til gbnr 108/418 er i samsvar med gjeldande arealformål og planen elles.

Konklusjon

Kommunen gjev løyve til arealoverføring av omlag 130m² frå gbnr 108/524 til gbnr 108/418 som omsøkt.

Eventuelle hefte på avgjevareigedom som kan vera til hinder for tinglysing av arealoverføringa må ordnast før oppmålingsforretning vert halden.

Aktuelt regelverk

- Deling av eigedom er søknadspliktig, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m og 20-2, jf. § 20-4, bokstav d.
- Søknad om dispensasjon, jf. pbl § 19-1.
- Frist for sakshandsaming, jf. pbl. § 21-7 jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 7-2.
- Krav om nabovarsling, jf. pbl. § 21-3.
- Deling må vere i samsvar med prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova.
- Kommunen kan ikkje opprette eigedomar som ikkje er eigna til å bygge på, eller som er i strid med lov, forskrift, vedtekter eller plan, jf. pbl § 26-1.
- Delegert administrativt mynde føl av kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.
- Du kan klage på vedtaket etter lov om offentleg forvaltning (fvl) §§ 28-36.
- Vedtaket må klagast på før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, jf. fvl § 27b.
- Frist for oppmåling er 16 veker, jf. matrikkelforskrifta § 18. Kommunen og du kan avtale lengre frist, men ikkje lengre enn 2 år, jf. matrikkelloa § 35.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak og kan klagast på til kommunen. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut.

Oppmåling

Saka vert oversend avdeling for kart og oppmåling. Sakshandsamingsfristen der er 16 veker. Fristen vert forlenga med den tida som går med til tinglysing og eventuell supplering av opplysingar frå rekvirenten. Kommunen og rekvirenten kan avtale lengre frist, men ikkje lengre enn 2 år.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/8292

Med vennlig helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kartvedlegg - arealoverføring gbnr 108_524 til 108_418

Mottakarar:

Alver kommune

Postboks 4

5906

FREKHAUG